

Føresegner - detaljreguleringsplan for del av Grebastadvegen

Forslagsstillar: Sykkylven kommune

Plan-ID: 15282018001

Arkivsaknummer: 19/425

Dato for utarbeiding: 29.05.19

Revisjon: 24.02.25

Vedtatt i Sykkylven kommunestyre: 07.04.2025

§ 1 Avgrensing

Reguleringsplanen omfattar planomtale, kart i målestokk 1:1000 og desse føreseggnene.

Reguleringsplanen er vist med reguleringsgrense på reguleringskartet. Føreseggnene gjeld for arealet som ligg innanfor plangrensa.

§ 2 Reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader, B1-B6

SAMFERDSELSANLEGG (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, o_KV1 - o_KV3, f_KV4, o_KV5
- Fortau, o_FO1 - o_FO3
- Gang- /sykkelveg, o_GS2
- Annan veggrunn, teknisk, o_AVT
- Kollektivknutepunkt, o_KH

LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL § 12-5 nr. 5)

- Jordbruksformål, J1- J4

Forbokstav angir eigartilhøve:

f_ er areal som har felles eigarform

o_ er areal som skal vere i offentleg eige

OMSYNNSONER (PBL § 12-6, NR 1)

- Frisikt, H140_1 – H140_3
- Gul støysone etter rundskriv T-1442, H 220_1
- Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1 – H730_2

FØRESEGNSOMRÅDE (PBL § 12-7, NR 1)

- Kulturminne, #1-3
- Mellombels bygge- og anleggsbelte, #4-10
- Blodbøk. Vilkår for bruk av areal, #11

§ 3 Fellesføresegner

a) Krav om nærmere dokumentasjon

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegg, skal alle råka område settast i stand og revegeterast og tilbakeførast til det formål som er vist på plankartet.

b) Landskapsbehandling og terrengtilpassing

Nytt veganlegg skal utførast slik at vegen vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng, og at mest mogeleg av det tilliggjande landbruksarealet kan driftast vidare. Alle skjeringar og fyllinger skal avsluttast inn mot terrenget slik at sideområda får ei estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terrenget vert så naturleg som mogleg.

Alle råka areal tilknytt veganlegget skal settast i stand og revegeterast med bruk av eksisterande vekstmassar som vert lagra i anleggsperioden. Areal som er tatt i bruk til anleggsverksemd skal tilbakeførast til det formål som er vist på plankartet.

Der det er naudsynt kan ein nytte støttemur.

Terrenget, gjerde, hekkar o.l. i formåls grensa langs offentleg vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkjørsler. Sjå elles føresegner som gjeld frisiktsoner.

c) Frisikt

Frisikt innanfor regulerte sikttrekantar skal vere i samsvar med krav nedfelt i vegnormalen N100. Vegrekker skal ikkje plasserast innanfor regulert sikttrekant.

Innanfor frisiktsonene skal det være fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate. Høystamma trær, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonen, dersom de ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene.

d) Støy

Klima- og miljødepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021), skal leggast til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen.

Nærare vurderingar av støysituasjonen i byggje- og anleggsfasen skal klargjerast i samband med bygeplanlegging.

e) Automatisk freda kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter. Funn skal meldast til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. § 8, 2.ledd i lov om Kulturminne, sjå også pkt. 7c) og 8a

§ 4 Bygningar og anlegg

a) Bustadformål

Områda merka B1-B6 utgjer stripeareal langs Grebastadvegen, Kagholvegen, Sjurvegen og Eimsvegen. Areala er vist som bustadområde i kommunedelplanen for sentrum – Ikornes.

§ 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

a) Køyreveg

Arealet merka o_KV1 - o_KV3 og o_KV5 er sett av til offentleg køyreveg.

Arealet merka f_KV4 er sett av til felles køyreveg. Vegen skal vere felles for gbnr. 7/232, 7/26, 7/366, 7/233 og 7/1.

På gbnr 7/104 og gbnr 7/232 er det eksisterande natursteinsmur langs Kagholvegen. Dersom eksisterande mur på dei to eigedommane må takast vekk, i samband med ombygginga av Kagholvegen skal det settast opp ny mur for dei to eigedommane, eller anna avtalt løysing.

Vegstandardar er påført plankartet.

b) Fortau

Arealet merka o_FO, er regulert til fortau langs Grebastadvegen og skal opparbeidast i samsvar med plankartet.

c) Gang-/ sykkelveg

Arealet merka o_GS, er regulert til gang-/ sykkelveg langs Dalevegen og skal opparbeidast i samsvar med plankartet.

d) Annan vegggrunn, teknisk

Arealet kan nyttast til skjeringar, fyllingar og grøfter og murar. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, veglys og slukar kan plasserast innanfor føremålet.

Innanfor området er det lov å lagre vekstmassar der det er hensiktsmessig.

Mindre endringar i skråningsutslag vil kunne skje som følgje av uventa forhold som for eksempel grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegformål vil fråvike noko frå det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje blir disponert til vegformål vert føresett brukt som tilgrensande formål.

e) Landbruksavkjørsel/avkjørsel

Eksisterande landbruks-/driftsavkjørsler og avkjørsler til eigedomar blir vidareført i tråd med dagens bruk, og er vist med piler i plankartet. Ved opparbeiding av Grebastadvegen med fortau må driftsavkjørslene tilpassast slik at dei kan vidareførast.

f) Kollektivhaldeplass

Kollektivhaldeplassen (o_KH) skal opparbeidast i tråd med krav i N100.

§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsområde

Områda J1- J4 er regulert til jordbruksformål i tråd med dagens bruk.

§ 7 Omsynssoner

a) Frisikt

Områda merka med H140_1 – H140_3 er frisiktsoner. Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegr sitt køyrebanenivå. Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

Enkeltståande tre, stolpar o.l. som ikkje er sikthindrande eller påkøyringsfarlege etter definisjon i N101 «Rekkverk og vegens sideområde», kan stå i frisiktsona. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsona.

b) Gul støysone

Områda merka H220_1 er i samsvar med gul støysone jf. Statens vegvesen si støysonekartlegging langs riksvegar og fylkesvegar.

c) Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1 og H730_2

Områda inneheld automatisk freda kulturminne.

Det er ikkje høve til å sette i gong med graving, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei freda kulturminna eller framkalle fare for at det kan skje, jf. Kulturminnelova, §3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune. Sjå også § 8 a).

§ 8 Føresegnsområde

a) Kulturminne, # 1-3

Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne ID 265866 som er markert som område for føresegn #1 – ID 265866 i plankartet.

Det automatisk freda kulturminnet ID 265906 som er markert som område for føresegn #3 – ID 265906 i plankartet vert frigjeven utan vilkår om ytterlegare gransking.

Det rørte arealet av sikringssona til den automatisk freda lokaliteten (busetting - aktivitetsområde), ID 265902, er merka som # 2 i plankartet. Før iverksetjing av tiltak innanfor arealet merka med #2, skal lokaliteten merka H730_1 sikrast med fysisk inngjerding i anleggsfasen. Oppsett av gjerde skal utformast i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

b) Mellombels bygge og anleggsbelte, # 4-11

Alle områder som er kombinert med mellombels anleggsbelte kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggssarbeidet pågår. Anleggsbeltet kan nyttast til anleggsdrift og riggområde for byggherre/entreprenør. Der ein kjem nær eksisterande bustadar, skal det takast særlig omsyn for å redusere ulempene.

Innanfor områda er det også lovleg å lagre vegetasjonsmasse som er tatt av i samband med vegbygging og som skal brukast om att til istandsetting og revegeterering av sideområda.

Straks veganlegget er ferdig skal arealet tilbakeførast til grunneigar i same stand som før arbeidet tok til. Det skal nyttast eksisterande vekstmassar som blir lagra i anleggsperioden.

Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet eller til sin opphavelege tilstand.

c) Blodbøker. Vilkår for bruk av areal, # 11

Omrisset til kritisk rotsonde skal merkast i terrenget, ev. fysisk avgrensast, før oppstart av anleggsarbeidet. Kritisk rotsonde skal ikke nyttast til lagring av materiale, reiskap, drivstoff eller kjemikalier. Det skal ikke leia vatn inn i kritisk rotsonde. Terrenget skal ikke endrast ved planering eller tilføring av masser.

Graving innanfor kritisk rotsonde skal så langt det er mogleg unngåast. Dersom det likevel må gravast, skal dette skje under oppsyn av arborist og eventuelt fellingsløyve må ligge føre før oppstart av graving.

Blodbøkane sine omsynssoner i nord, jf. rapport frå Sandal parkdrift AS datert 02.06.23, skal ikke nyttast av entreprenør under arbeid med vegen. Etablering av stikkrenner frå eksisterande avkjørsle og ned til ny veg vil krysse kritisk rotsonde, og dette arbeidet skal følgjast opp av arborist.

§ 9 Rekkefølgjekrav

a) Omlegging av Eimsvegen

Eimsvegen skal koplast til Grebstadvegen med nytt kryss slik planen viser
Før o_KV1 (ny Eimsveg) kan åpnast for trafikk skal:

- o_GS2 og busslomma (o_KH) vere ferdig opparbeida.
- noverande Eimsveg stengast for trafikk ved symbolet «stenging av avkjørsel» ved område J1 i plankartet.

Gbnr. 7/160 og 8/11 skal framleis ha ein felles direkte tilkomst til Dalevegen.

b) Blodbøkane

Før anleggsstart skal tiltak for å bevare blodbøkane ved gbnr. 7/9 avklarast og gjennomførast, jf. § 8 c).

c) Overvatn frå veg

Det må utarbeidast plan for handtering av overvatn, som må følge byggesak. Vatn må leia vekk frå bustadeigedommene. Planen skal vere godkjent før anleggsstart.

d) Kulturminne

- Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne ID 265866 som er markert som område for føresegns #1 – ID 265866 i plankartet.
- Før iverksetjing av tiltak innanfor arealet merka med #2 – ID 265902, skal lokaliteten merka H730_1 sikrast med fysisk inngjerding i anleggsfasen. Oppsett av gjerde skal utformast i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

e) Bygge- og anleggsplan

Før anleggsstart, skal det ligge føre godkjent bygge- og anleggsplan, som skal følgje byggesaka.